



# Sluttrapport

FLYTT TIL  
HARDANGER

PROSJEKTPERIODE: MAI 2007 - MAI 2010  
SKRIVE AV HOVUDPROSJEKLEIAR ANETTE T. HJELTNES

flytt til  
Hardanger

## **INNHALD**

<b>1. MÅLOPPNÅING.....</b>	<b>2</b>
1.1 Tabellar folketalsvekst og nettoflytting.....	2
1.2 Tilbakemelding på prosjektet frå Hardangerkommunane.....	4
<b>2. AVSLUTNING AV PROSJEKTET .....</b>	<b>6</b>
<b>3. PROSJEKTORGANISERING.....</b>	<b>7</b>
<b>4. VIKTIGE ERFARINGAR.....</b>	<b>7</b>
4.1 Organisering av prosjektarbeid.....	7
4.2 Informasjon og prosjektarbeidsfelt.....	9
<b>5. VIDAREFØRING AV AKTIVITETAR.....</b>	<b>12</b>
<b>6. OPPFYLGING OG GJENNOMFØRING AV STRATEGI- OG HANDLINGSPLANAR.....</b>	<b>14</b>
6.1 Informasjon internt og eksternt.....	14
6.2 Prosjektgruppe.....	16
6.3 Kommunegruppe.....	18
6.4 Placementgruppe.....	20
6.5 Databasegruppe.....	22
6.6 Marknadsføringsgruppa.....	24
6.7 Hardangerlokk.....	26
6.8 Næringslivsgruppa.....	28
6.9 Grunnskulegruppa.....	31
6.10 Fylkesgruppa.....	33
<b>7. KOSTNADER OG FINANSIERING.....</b>	<b>35</b>

# 1. MÅLOPPNÅING

”Flytt til Hardanger” er eit 3-årig prosjekt, med prosjektperiode frå mai 2007 til mai 2010. Hovudbidragsytarar på finansieringssida er Hordaland fylkeskommune og dei sju Hardangerkommunane.

**Visjonen** til prosjektet er: Fruktbare Hardanger er eit naturleg førsteval å bu i og flytta til, fordi det er ein region med trivnad, opplevingar og utfordringar - ein utviklande region.

**Hovudmål;** På ein offensiv måte marknadsføra regionen sine tilbod og kvalitetar og snu flyttestraumen innan utgangen av 2009. Mangfaldet av aktivitetar, spanande arbeidsplassar og gode tenestetilbod gjer regionen attraktiv for innbyggjarar og tilflyttarar. Tankegangen er at målretta rekruttering, kompetanse og moglegheiter for kompetanseheving er viktige faktorar både for trivnad, utvikling og konkurransekraft.

**Slagord for prosjektet og Hardanger:** Dette skal vera eit gjennomgåande motto for alt arbeid som vert gjort i prosjektet og eit kjenneteikn ved Hardangerkommunane:  
**”Ja, det ordnar me”**

Prosjektet har oppnådd målsettinga for prosjektet! Prosjektet har hatt ei god arbeidsånd- og moral. Det er auka merksemd på regional tenking, og me sporar regional optimisme. Utviklinga i Hardanger har gått frå ei oppbremsing i nedgang i folketal til ein reell vekst i folketal. I perioden 2001 til 2006 var årleg nedgang i folketallet i snitt -220, i 2007: - 134, i 2008: - 34 og i 1. - 3. kvartal 2009: + 35. Regionen har opplevd ein auka tilflytting til regionen i desse åra, og ein redusert utflytting.

## 1.1 Tabellar folketalsvekst og nettoflytting

### Fødseloverskot, nettoflytting og folketalsvekst

	Fødseloverskot	Nettoflytting	Folketilvekst
2001	-45	-205	-250
2002	-81	-186	-267
2003	-23	-138	-161
2004	-30	-135	-165
2005	-46	-231	-277
2006	-63	-164	-227
2007	-70	-34	-104
2008	-34	6	-28
<b>2009*</b>	<b>-66</b>	<b>101</b>	<b>35</b>

\* 1. – 3. kvartal 2009

### Fødseloverskot, nettoflytting og folketalsvekst, 1. – 3. kvartal 2009

	Fødseloverskot	Nettoflytting	Folketilvekst
Jondal	-12	20	8
Odda	-41	19	-22
Ullensv.	-13	19	6
Eidfjord	-3	7	4
Ulvik	-	35	35
Granvin	-1	-4	-5
Kvam	4	5	7
<b>Totalt</b>	<b>-66</b>	<b>101</b>	<b>35</b>

Andre målekriteria som var identifisert i ”Strategi og handlingsplan for Flytt til Hardanger” er: Prosentvis utvikling av folketal, tilflyttingsmål og utflyttingsstall, tal kontakt på heimeside, tal kontakt med kommunane, tal tiltak som er satt i gang av prosjektet, gjennomføring og resultat av tiltak, intervju av innbyggjarar, kommunetilsette og politikarar om verknaden av prosjektet.

I perioden 2001 til 2006 var årleg innflytting til Hardanger i snitt på 745, i 2007 flytta det 831 personar inn og i 2008 var det 865 personar, dvs ein auke på 11,5 og 16,1 prosent i høve perioden 2001 - 2006.

I perioden 2001 til 2006 var det i snitt ein årleg utflytting på 920 personar. I 2007 flytta det ut 865 personar og i 2008 flytta det ut 859 personar, dvs ein nedgang på 6 og 6,6 prosent i høve perioden 2001 – 2006.

### Nettoflytting, inn og utvandring

	Innflytting	Utflytting	Nettoflytting
2001	811	1 012	-201
2002	657	844	-187
2003	736	872	-136
2004	754	880	-126
2005	762	993	-231
2006	753	917	-164
2007	831	865	-34
<b>2008</b>	<b>865</b>	<b>859</b>	<b>6</b>
<b>2009*</b>	<b>680</b>	<b>579</b>	<b>101</b>

\* 1. – 3. kvartal 2009

## Nettoflytting, inn og utvandring, 1. - 3. kvartal 2009

	Innflytting	Utflytting	Nettoflytting
Jondal	38	18	20
Odda	174	155	19
Ullensv.	125	106	19
Eidfjord	29	22	7
Ulvik	62	27	35
Granvin	29	33	-4
Kvam	223	218	5
<b>Totalt</b>	<b>680</b>	<b>579</b>	<b>101</b>

Tabell: Ut, inn- og nettoflytting for alle hardangerkommunane samla. Flytting mellom hardangerkommunane er inkludert i tala.

”Flytt til Hardanger” har oppretta ei heimeside med domenenamnet [www.flytttilhardanger.no](http://www.flytttilhardanger.no). Frå me oppretta sida og før me var synlege på større messer og starta marknadskampanje, var snitt besøkande pr. mnd ca. 920 stk. Etter messer og kampanje er snitt besøkande pr mnd ca. 1630 stk, med ein topp i marknadskampanjeperioden med ca. 3430 besøkande pr. mnd. Etter kampanje perioden ser me at tal besøkande sank, men har stabilisert seg på eit høgare nivå enn før kampanjeperioden.

Det er satt i gang 95 tiltak i regi av prosjektet, desse tiltaka er gjennomført i samsvar med plan. Kapittel 2 identifiserer og konkretiserer aktivitetar og resultat av tiltaka i dei ulike delprosjekta.

### 1.2 Tilbakemelding på prosjektet frå Hardangerkommunane

Når det gjeld intervju av innbyggjarar, kommunetilsette, politikarar, har me fått fylgjande tilbakemelding:

#### **Frå kontaktpersonar og tenestetorg i kommunane:**

*” Kjenneteikna ”Flytt til Hardanger” (FTH): Placement, Kontaktnett, tenestetorga, indremedisin, synleggjering, samhandling, engasjement, mykje fokus på hus og jobb, har skaffa resultat på det. Mykje fokus på utanlandsdelen av prosjektet i starten, har vore rett. Skjønte at ein måtte ha fokus på bustad. Viktig å møtast på tvers av kommunane, tenestetorga har vore viktig. Sterkt engasjement når ein er involvert i mykje arbeid. Samling og faste møtepunkt har gjort godt internt.”*

***Vurdering av prosjekt:** ”Regionen har vore eit kjenneteikn, at ein har vore flink å jobba ilag, Gjeve fokus på tilflytting, der ein har fokus skjer det noko, auka folketal, gjeve oss tilhøyrighet i Hardanger, på tvers av kommunane. Førebuing bra i tenestetorg, henvisa til kontaktpersonar som har vore kommunevertar. Gode rutinar og verktøy. Godt basis- og grunnlagsarbeid. Regionstankegang godt forankra, prosjektet godt forankra i kommunane. Folketalet er snudd. Prosjektet er ei boble om det vert avslutta no.”*

Det vert òg nemnt av fleire kontaktpersonar og tenestetorg at ein bør involvera lokalpolitikarar og næringslivet i enda større grad.

**Frå ordførarar og rådmenn:**

*Samarbeidet innan FTH har fungert godt mellom kommunane. Dette har vore eit felles prosjekt. Kjenneteikn ved prosjektet:*

- \* Godt kommunalt samarbeid*
- \* Godt organisert*
- \* God oppfølging frå prosjektleiar*
- \* Positive haldningar heile vegen ("Ja, det ordnar me")*

*Ein må på ein eller annan måte halda på engasjementet til dei unge, om det vert i regi av den eine eller den andre.*

*Flytt til Hardanger-prosjektet har utan tvil ført til mykje større fokus på dei utfordringane vi stod framfor, og prosjektet har på ein flott måte grepe fatt i konkrete tiltak som måtte gjerast for å få til auka tilflytting. Avtalen med Placement sette i gong prosessen, og vi fekk klare tilbakemeldingar på kva vi måtte gjere. Dette fokuserte på at det måtte skaffast husvære til dei som ville komme, men vi vart og utfordra på at vi må vere gode vertar for dei som ønskjer "ein ny tilværelse" i Hardanger. Men det er og verdt å merke seg at alle dei andre tiltaka som er iverksette gjennom prosjektet ser ut til å ha ført til at Hardanger er "blitt satt på kartet". Prosjektet er og eit glimrande eksempel på at interkommunalt samarbeid er vegen å gå. Vi har samarbeidd og pusja kvarandre framover, og vi har lært av gode erfaringar frå nabokommunar. Og ikkje minst - gjennom samarbeid fekk vi fylkeskommunen på banen som den tunge finansieringskjelda vi var avhengig av. Kjenneteikn ved prosjektet er samarbeid, målfokus og sterkt engasjement.*

*Det har vorte mykje større fokus på kva folketallet har å seie for heradet og tenestetorget er medvitne på kommunevertskapsrollen på ein veldig god måte no. Har og større fokus på Hardanger, sjølv om vi nok kan bli endå betre her. Prosjektet er kjennektekna av positivt fokus, dvs at vi vert meir merksame på folka rundt oss. Ikkje berre dei som er nye, men meir generelt. Bør halde fram med treff i Bergen, saman med lokalt næringsliv. Viktig kontaktpunkt for utflytta hardingar og god rekrutteringsmoglegheit for verksemdene.*

*I det kommunale arbeidet har det vore eit aukande fokus på, og mindre skepsis til, samarbeid mellom kommunane. Det har vore aukande interesse for å marknadsføre seg som ein del av Hardanger, også for bedrifter.*

**Kjenneteikn ved "Flytt til Hardanger":**

- Meir openheit og samarbeid mellom kommuneadministrasjonane*
- Mange involverte*
- Stort engasjement blant dei som har vore med*
- Stor breidde, næringsliv, kultur, kommunar*
- Liten politisk deltaking og engasjement ut over ordførarane*

**Prosjektet har:**

- Vore vellukka, trenden i folketalsnedgangen er snudd.*
- Opna for meir samarbeid mellom kommunane, mindre skepsis og større rausheit. Lettare å sjå fordelar med kommunesamarbeid.*

*Prosjektet må forlengast i ein eller annan form, for å ikkje få eit vakum, fokus på tilflytting må vera ei oppgåve som ikkje vert avslutta.*

## **2. Avslutning av prosjektet**

Styringsgruppa er det øvste organet i "Flytt til Hardanger" og har ansvar for oppstart, gjennomføring, planar, økonomi og avslutning. Det var halde møte i Styringsgruppa 9. desember 2009 og fylgjande vart beslutta:

*"Med bakgrunn i svangerskapspermisjon for prosjektleiar, så tilrår Styringsgruppa at prosjektet "Flytt til Hardanger" vert formelt avslutta pr. 31.01.2010, 3 månader før enn planlagt. Styringsgruppa tilrår vidare å fullføra dei delane av prosjektet som treng tida. Desse er:*

- *Placemementaktiviteten, administrert frå Eidfjord kommune tom 30.04.09*
- *Heimeside, oppstart av kommunegruppe, administrert av Eidfjord kommune*
- *Høgskule/Bachelorgradplanarbeidet tom 30.04.09*
- *Undervisningsopplegg for "Natur og entreprenørskap i Skulen" t.o.m. 30.04.09*
- *Hardanger Næringsråd vert henta opp att i løpet av 2010.*
- *Hardanger Open er overført til Harding Puls med avslutning april 2009.*
- *Kunstnarhusværet i Berlin vert overført til Hardangerrådet/Hardanger Kulturråd.*
- *Messen i Ålvik vert etablert som eige driftsobjekt – Kvam herad organiserer dette.*

### **Lang sikt:**

*Styringsgruppa anbefalar at "Flytt til Hardanger" vert vidareført som eige Hardangerrådprosjekt i 5-7 år i ein fase 2. Dette vert fristilt frå andre Hardangerrådsprosjekt, men samhandlar med dei.*

*Desse FtH- aktivitetane vert vidareførte og utvikla i fase 2:*

- *Nettstaden med aktiv oppdatering av nettsidene.*
- *Kommunegruppa med kommunekontaktane og med avsette personalressursar øymerka FtH.*
- *Kommunevertskapet med velkomstpakkjar og tenestetorga sine mottak og informasjonsfunksjonar.*
- *Fokus på tilflyttingsarbeidet og bruk av innarbeidde omgrep som: Flytt til Hardanger, Lukka, Trivsel og Friluft.*
- *Integrering av dei tilflytta – Biblioteka kan utviklast som møteplassar. Samordninga av språkopplæring mellom kommunane.*
- *Framleis aktiv bustadpolitikk – aldri kvilande merksemd på høvelege hus/bustad/gardsbruk til tilflyttarar.*
- *Bergenstreffet for utflytta hardingar må halda fram – gjerne også til andre byar.*

### Andre moment:

- *Hardangerrådet bør få stadfesta rolla som regional utviklingsaktør.*
- *Merkevare Hardanger må haldast oppe med jamt trykk med omsyn til Hardangeridentiteten*
- *Ideen om Hardanger 2014 bør realiserast som eige prosjekt.*
- *Prosjektet "Nye Hardanger" er naturleg samarbeidsorgan for "Flytt til Hardanger, Fase 2".*

### 3. Prosjektorganisering

Arbeidet i prosjektperioden kan delast inn i 4 fasar:

1. Mai – oktober 2007: Kunnskapshenting: Forsking, trendar, erfaringar frå liknande prosjekt, vitjing i Hardangerkommunane, samtale med næringsliv, kommunepolitikarar, kommuneadministrasjon og ungdomar i dei ulike Hardangerkommunane
2. Oktober 2007 – mai 2008: Presentasjon og vedtak av overordna ”Strategi- og handlingsplan”, oppretting og organisering av 8 delprosjekt; Rekruttering av delprosjektmedlemar, vedtak av ”Strategi og handlingsplanar” for delprosjekta.
3. Oktober 2007 – mai 2010: Gjennomføring av aktivitetar, oppnåing av diverse milepælar
4. Desember 2009: Oppsummering, evaluering og anbefaling for vidare arbeid

Prosjektleiar (PL) brukte god tid på å finna ei føremålsteneleg form på prosjektorganiseringa. Ein ynskte å involvera mange i prosjektarbeidet, men samtidig halda fokus på handling, framdrift og resultat. Valet vart å oppretta 8 delprosjekt der ein henta inn personar med kompetanse og interesse for det feltet ein arbeidde med. På 5 av desse delprosjekta vart det henta inn ekstern delprosjektleiar med kompetanse på det aktuelle feltet med praktisk gjennomføringsansvar. Resultatet er at ca. 85 personar har vore involvert i prosjektarbeidet til ”Flytt til Hardanger” med bakgrunn frå politikk, kommuneadministrasjon, næringsliv, ungdomar, kultur og lagsliv. Prosjektleiar har delteke i alle delprosjektgrupper og har vore diskusjonspartnar for delprosjektleiar, knytt saman delprosjekta og hatt overordna ansvar.

Samarbeid med kommunane har vore avgjerande for å få eit godt resultat, i og med at tilflyttinga og praktiske problemstillingar finn stad i einskildkommunen. Kvar kommune har hatt ein kontaktperson, denne personen har hatt ansvarsområde innan næring eller tenestetorg. I tillegg til kontaktperson, har intern organisering i kommunen med sentrale personar bidrege til at ein har makta å gjennomføra nødvendige aktivitetar i kommunane. Sentrale personar i denne samanhengen er; Ordførar, rådmann, næring og tenestetorg.

Når det gjeld organisering av prosjektleiing og delprosjektleiing, har ein hatt ei ordning der ein har kjøpt inn prosjektleiar- og delprosjektleiartenester, dvs at ein har hatt ulike arbeidsgjevarar. FTH har tilsett trainee i 9 mnd til å ha ansvar for utdanningsdelen i prosjektet, og hatt eit godt samarbeid med Trainee Vest på dette.

### 4. Viktige erfaringar

#### 4.1 Organisering av prosjektarbeidet

Det er viktig å bruka god tid på grunnarbeidet og ha ein open innfallsvinkel; ; Kva sei forskning om dette temaet, kva er erfaring frå liknande prosjekt, få innspel frå ulike miljø som skal involverast i prosjektet, m.m. Når grunnarbeidet er unnagjort, lagar ein ein overordna ”Strategi og handlingsplan” for ulike arbeidsfelt med tidsfristar. Når denne planen er utarbeidd med innspel frå og diskusjon i ulike miljø, er det viktig at planen vert vedtatt og fylgt. Ein skal vera open for å ta inn nye moment og å endra på aktivitetar, men hovudfokus må vera på å gjennomføra tiltaka og aktivitetane som er identifisert i planen.

Det har vore ein styrke i prosjektet å ha eit stort budsjett og ein arbeidsplan som har arbeidd inn mot 7 kommunar og mange miljø i Hardanger. Når ein har 7 kommunar som arbeidsområde har ein meir å tilby når det gjeld arbeid for to, bustader, kultur- og fritidstilbod. Ein framstår som eit meir komplett tilbod inn mot potensielle tilflyttarar. Når det gjeld å involvera fleire miljø, gjer det til at ein vert ein ”snakkis” i mange samanhengar, og det er god indremedisin og informasjonsspreiing. ”Flytt til Hardanger” har arbeidd inn mot: Politikarar, kommuneadministrasjon, kommunale tenestetorg, ungdomsråd, næringsliv, kulturutøvarar og utdanningssektoren. Ved at ein arbeidar inn mot mange felt samtidig, får ein ”flytta seg framover samla flokk”. Den breie involveringa av personar frå ulike miljø, har vore ein styrke i prosjektet, og gjeve det legitimitet. Utfordringar med å ha mange personar involvert, er at det vert færre møte, lengre avstand / mindre forplikting, og dette krev meir av prosjektleiar og delprosjektleiar når det gjeld å halda kontakt med prosjektmedlemane via epost og telefon.

I ”Flytt til Hardanger” har ein samarbeid med kommuneadministrasjon ved kontaktperson, tenestetorg og rådmann, desse har vore involvert i innhald, aktivitetar og framdrift i prosjektet. Prosjektet var initiert av politikarane i regionen, men overlatt til administrasjonen i gjennomføringsfasen, dette har fungert bra når ein ser på framdrift i prosjektet. Men kommunepolitikarane har vore meir perifere i høve prosjektet. PL har orientert i Hardangerrådet to gongar i året, og har vore på ein informasjonsrunde i alle kommunestyre, men det har vore veldig ulikt kor mykje ordførar og administrasjon har informert om og diskutert prosjektet i eigne kommune- / heradsstyre.

Når det gjeld organisering av arbeid i kommunane, er erfaringa at dei kommunane som har evna mest, har satt av eigen stillingsressurs til å arbeida med tilflytting, hatt god organisering og kommunikasjon mellom sentrale personar i kommunen. I slutfasen av prosjektet ser ein at kommunen si forplikting i prosjektet skulle vore definert tydelegare i startfasen, og satt som eit krav frå prosjektet. Det ville spart prosjektleiar for mykje arbeid og purring.

Når det gjeld prosjekt- og delprosjektleiing har Hardangerrådet kjøpt tenester av verksemder og kommunar, dvs at prosjektleiinga har hatt ulike arbeidsgjevarar. Om dette er den beste måte å organisera regional utvikling på, bør diskuteras. Om ein hadde alle prosjektmedarbeidarar knytt opp mot ein arbeidsgjevar / organisasjon, vil ein få eit betre fagmiljø, betre synergjar mellom ulike prosjekt og ein er mindre sårbar ved f. eks sjukdom. På den andre sida vil det å ha arbeidsgjevaransvar for alle prosjektmedarbeidarane innebera eit meirarbeid.

I fase 1 av prosjektet då prosjektleiar (PL) var på kommunevitjing, traff PL ungdomsrådet i Granvin. Ungdomsrådet i Granvin bestod av oppegåande, engasjerte og positive ungdomar. Granvin ungdomsråd har vore ein ressurs i arbeidet med å danna ungdomsråd i dei andre Hardangerkommunane og i arbeidet med å danna Hardanger Ungdomsråd, våren 2009. Det har vore 3 samlingar for ungdomsråda i Hardanger, og dette arbeidet har vore svært positiv og inspirerande. Det er viktig å involvera ungdomane i regionalt utviklingsarbeid, og ungdomsråda er nyttige verktøy i denne samanheng.

## **4.2 Informasjon og prosjektarbeidsfelt**

Informasjon via media, møte og flygeblad er viktig for å orientera innbyggjarane om aktiviteten i prosjektet. I prosjektperioden har "Flytt til Hardanger" (FTH) hatt nærmare 200 unike innslag i media, og då hovudsakleg lokalaviser og lokalradio. Prosjektet har halde folkemøte i alle Hardanger-kommunane og sendt informasjonsbrosjyre til alle husstandar. Prosjektleiinga har prioritert informasjon og har stilt på alle konferansar og møte som me har vorte inviterte til og jamneleg sendt informasjon til lokalaviser/radio om aktivitetar i prosjektet. Prosjektet har arrangert to temasamlingar, ei innleiingssamling der ein presenterte Strategiplan og erfaring frå liknande prosjekt og ei samling som fokuserte på bustad og bustadpolitikk. I og med at så mange personar har vore involvert i prosjektet og mange oppslag i avisene, har innbyggjarane i Hardanger fått god informasjon om prosjektet.

### **Raske resultat**

Det er viktig å få raske resultat på nokre felt og få pressdekning på det, det gjev legitimitet. I FTH var samarbeidet med Placement utvikling med på å gje oss god tilflytting frå Nederland, Tyskland og Belgia i starten. Ein må ha fokus på å få raske resultat samtidig som ein arbeidar med dei prosessane som er tyngre og tar lengre tid.

### **Bustad**

Bustad er ein nøkkelfaktor for auka tilflytting i mindre distriktskommunar. Bustad og aktiv bustadpolitikk var eit tema som vart presentert for politikarar og kommuneadministrasjon allereie haust 2007. Det er veldig ulikt kor aktivt kommunane har involvert seg i bustadspørsmålet og kor aktiv bustadpolitikk dei har ført. I samband med flytting, og då særskild frå utlandet er det trong for utleigebustader, dvs gjennomgangsbustader, som vert nytta i 3 – 5 år. Me har opplevd at i mindre kommunar med mindre bustadmasse er det trong for ein meir aktiv bustadpolitikk som inneber kartlegging av bustadmarknad, kontakt med huseigarar av tomme hus, leilegheiter, kårhus og sommarhus for å prøva å få desse ut på marknaden. Oppussingstilskot har vore eit nyttig verkemiddel i fleire av dei mindre kommunane. Huseigar får då eit oppussingstilskot (pluss rentefritt lån hjå nokre) frå kommunen mot at dei forpliktar seg til å leiga ut bustaden i inntil 5 år. I dei største kommunane er det større bustadmasse og eit "raskare" bustadmarknad med stadig nye bueningar på marknaden. Attraktive bustadtomter, dvs rause og ofte sentrumsnære tomter kan vera eit verkemiddel for å få utflytta hardingar til å flytta heim att, viser marknadsundersøkinga som er gjennomført blant alle 31-åringane som er vakse opp i Hardanger (2008). Ein aktiv bustadpolitikk på regional og lokalt nivå, vil vera enda meir avgjerande i neste fase av den regionale utviklinga.

### **Marknadsføring**

I marknadsføringsarbeidet gjorde ein eit grundig forarbeid før ein starta den store marknadskampanje, som var hovudaktiviteten i prosjektet, ref. måldefinering. Ein innleia eit samarbeid med Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) hjå Hordaland fylkeskommune, og AUD gjennomførte ein større marknadsundersøking blant alle 31-åringane som er vakse opp i Hardanger (2008) samt fokusgruppe med både hardingar og ikkje-hardingar i Oslo og Bergen. Ein brukte to år på å koma fram til uttrykk og innhald i kampanjen. Målgruppa for kampanjen var personar i etableringsfasen, 25 – 45 år. I tillegg hadde ein spesielle aktivitetar retta mot utflytta hardingar i denne aldersgruppa. I prosessen med å finna det rette uttrykket på kampanjen, var fylgjande

moment viktig for marknadsføringsgruppa: Naturen som ein av dei største føremonane, unngå ”inflasjonsmotiv”, men halda på særmerka: Fjell og fjord. Identifisering med kampanje i regionen, bruk av nynorsk i skriftleg materiale, bruk av dialekt, ”aoko”, i radioreklame, autentiske personar, kort og grei bodskap. Ein landa på 3 nøkkelord: Lukka, friluft og tryggleik. Ein visualiserte nøkkelord og gjorde bruk av humor ved å ta inn Supermann. Det vart brukt sterke fargar, natur og teatralisk uttrykk. Dette gav Hardanger eit humoristisk og moderne uttrykk. Prosjektet har fått veldig gode tilbakemeldingar på uttrykket i kampanjen både frå personar i målgruppa som bur i og utanfor regionen. Det var særskild god trafikk på heimesidene dei dagane me hadde nettbasert reklame på framsida av dei store avisene Aftenposten og BT. I etterkant av den store marknadskampanjen opplever me at heimesida til FTH er etablert som ein nettstad der ein finn oversikt over hus, ledige stillingar og anna nyttig informasjon i samband med flytting til Hardanger, og nettsida vert nytta av andre tilflyttarar enn dei som me har rekruttert direkte inn via prosjektet.

### **Oppnådd ei sterkare regional kjensle**

Gjennom prosjektarbeidet har ein har diskutert seg fram til løysingar som er til det beste for regionen, basert på erfaringsutvekslingar frå eigen kommune / miljø og det har vore ein rausheit blant prosjektmedarbeidarane til å dela sin viten. Dette har resultert i at den regionale kjensla, hardangeridentiteten, har vorte sterkare. Ei styrking av Hardangeridentiteten og eit regional fokus når ein tenkjer utvikling og framtid, er truleg det viktigaste ein har oppnådd gjennom prosjektet.

### **Kontakt med prosjektmedlemar**

I eit prosjektarbeid er kontakt med prosjektmedlemene viktig. Prosjektleder og delprosjektleder bør ha eit personleg engasjement for prosjektet. Når det gjeld å halda motivasjonen oppe blant prosjektmedarbeidarar, er møter, gjerne med sosial del (mat) og gjennomføring av større fellesarrangement noko som skapar samhold og motivasjon i prosjektarbeidet. Prosjektet har deltatt på messer, arrangert større samlingar for alle tenestetorg i Hardanger og alle ungdomsråd i Hardanger. Det er danna eit nettverk for kvinnelege leiarar i Hardanger, dette initiativet er eit samarbeid mellom 4 partar. Denne nettverksamlinga vil fortsetja uavhengig av FTH.

### **Samarbeid med næringslivet**

Når det gjeld næringslivet, har det historisk vore lite samarbeid mellom næringslag og verksemdar i regionen. FTH har gjennom næringslivsgruppa starta ein prosess der ein har målsetting om å starta Hardanger næringsråd (HN), men har ikkje slutført denne prosessen. Hardanger opplever at regionane rundt oss er organisert i næringsråd. Dette framstår som eit talerøyr for næringslivet og er ein maktfaktor når det gjeld utvikling og rammevilkår. Skal Hardanger fortsetja den gode utviklinga framover, må næringslivet på banen. I prosessen med å danna eit HN må ein rekna med å bruka tid, energi og ha utstrakt kontakt med verksemdar og næringslag. Når ein ser på andre næringsråd rundt oss er det fylgjande tema og arbeidsfelt som er fokus: Rammevilkår, samferdsel, kompetanse, rekruttering, samarbeid skule – næringsliv og marknadsføring av regionen. Ein bør i ein startfase satsa på å få med nokre av ”dei store og viktige” verksemdene pluss så mange næringslag som mogleg. Men å få med alle verksemdar og alle næringslag frå dag 1, er ikkje realistisk.

### **Fylkesgruppe – vidaregåande skular**

Når det gjeld skulegruppene, har prosjektet ei todelt erfaring. På vidaregåande nivå, altså ”Fylkesgruppa”, har oppretting av gruppe, samarbeid og starten på innføring av praksisnær undervisning fungert veldig bra. Dei fire offentlege vidaregåande skulane deltek i dette arbeidet, og det er ei vilje til å samarbeida med kvarandre og næringslivet. Sitat frå rektor ved Odda Vidaregåande skule, Hilde G. Hoel: ” ”Dei vidaregåande skulane i Hardanger står samla, og vil vera med å utvikla Hardanger. Næringslivet må bruka dei vidaregåande skulane.”

### **Grunnskulegruppe**

Når det gjeld grunnskulane i Hardanger, har det vore vanskeleg å nå ut til dei og å få dei til å interessera seg for og sjå nærare på praksisnær undervisning. Delprosjektleiari har hatt møter med Voss og Hardanger kompetanseregion (VHK) der skuleleiarane i dei 7 hardangerkommunane er representert. Delprosjektleiari har saman med Gode sirklar halde workshop med tema ”praksisnær undervisning” for skuleleiarar / lærarar ved grunnskulane i dei 4 minste Hardangerkommunane (alle 7 fekk tilbod). Men det er ikkje satt i gang noko formelt arbeid med praksisnær undervisning enno, dette skal handsamast på møte i VHK i januar. Men det har vore liten respons og vilje til å arbeida vidare med dette. Ein kan i denne samanhengen òg nemna at Ungt Entreprenørskap Hordaland som har god kontakt med mange grunnskular i Hordaland ikkje har kontakt med nokon grunnskular i Hardanger. Ungt Entreprenørskap Hordaland anbefalar at ein bør ha politisk forankring for dette arbeidet, og ideelt sett bør det innarbeidast i kommuneplanen. Om Hardanger ynskjer praksisnær undervisning i grunnskulen må nok dette vedtakast politisk og blant administrativ leiing.

### **Samarbeid med Høgskulen i Bergen (HiB)**

Det er skriven ein intensjonsavtale med HiB om samarbeid på fylgjande punkt: Bachelorgrad i guiding, praksisplassar i Hardanger innan helse- og omsorgsfag samt lærarutdanning, og etter- og vidareutdanningstilbod i Hardanger. Bachelorgraden vil vera ferdig definert i løpet av våren 2010, og kan realiserast frå hausten av. Realisering av Bachelorgraden er noko Hardangerrådet må ta stilling til. Vidare samarbeid med HiB vil òg verta håndtert av Hardangerrådet.

### **Hardangerlokk**

Gjennom Hardangerlokk har ein fått fokus på kunstnarar i regionen og fått eit godt samarbeid med Harding Puls. Kunst som verkemiddel i regional utvikling er eit spanande felt som kan gjera regionen meir attraktiv og bidra til nye næringar. Gjennom Hardangerlokk har ein oppretta Kunstnarsenteret Messen, kunstnarhusvære i Berlin, stipendordningar for nytilflytta og etablerte kunstnarar i regionen. Ein skal arrangera Hardanger Open gjennom Harding Puls, der alle kunstnarar skal opne sine verkstader / atelier for publikum, og det vil vera diverse utstillingar og arrangement i samband med denne helga. Hardangerlokk har starta på arbeidet med 200 års markeringa av Norges grunnlov gjennom ” Hardanger 2014”. Hardanger må markera seg som ein lokalitet i samband med 200 års jubileet. Som ein representant frå reiselivet sa: ”Ein finn alt det Noreg er kjend for i Hardanger”.

### **Regional utvikling framover**

Det er viktig at ein opprettheldt fokus på regional utvikling framover, og at ein arbeidar aktivt for å oppretthalda den gode utviklinga som Hardanger er inne i. Regional utvikling er noko som krev eit målretta og grundig arbeid i lengre tidsperspektiv for å gje varige endringar, ein bør ha eit perspektiv på 5 – 7 år i neste fase. Fordelen ved å organisera prosjektarbeidet i ein 3-års fase i byrjinga, er at ein får fullt fokus og trykk på aktivitetar og resultat. Men når ein har satt i gang eit så omfattande og stort prosjekt som FTH skapar ein forventning hjå fleire partar, både innbyggjarane i Hardanger og målgruppene ein har marknadsført seg inn mot. Det må ikkje bli slik at Hardanger ”ikkje ynskjer tilflytting” etter mai 2010. Flytteprosessar tek tid, og den offensiven ein har hatt inn mot utflytta hardingar og andre målgrupper kan gje ytterlegare resultat om 1 – 5 år, og då må Hardanger ha eit mottaksapparat og ein vilje til å møte desse potensielle tilflyttarane. Det er uttalt frå fleire personar som har arbeidd med prosjektet at om ein stoppar aktivitet og samhandling no, vil prosjektet framstå som ei ”boble”, og det vil vera tungt å mobilisera til ny innsats om det vert stopp 1 eller 2 år.

## **5. Vidareføring av aktivitetar**

Dette kapittelet er PL sine tankar om kva som er viktige moment i det vidare arbeid med regional utvikling, basert på erfaring gjort gjennom prosjektet og erfaring frå andre utviklingsprosjekt.

Det er viktig å fortsetja med stort fokus på regional utvikling i Hardanger. Hardanger er inne i ei god utvikling, og det er viktig at me utnyttar det og tek med oss det gode samholdet og arbeidsmoralen for ei felles utvikling i Hardanger som er opparbeid gjennom ”Flytt til Hardanger”. Tidshorisonen på fase 2 i regional utvikling i Hardanger bør ha eit 5 – 7 års perspektiv, så ein får meir ”ro” over arbeidet. For å kunna gjennomføra ein fase 2 i regionale utviklingsprosjekt er det viktig å ha med Hordaland Fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune var den største økonomiske bidragsytaren i fase 1, og Hardanger er avhengig av eit bidrag opp mot same nivå for å fortsetja det gode arbeidet. I tillegg til finansiering, har Hordaland fylkeskommune bidrege med fagkompetanse på marknads- og prosjektarbeid samt formidling av nyttige kontaktar, dette har vore svært viktig. For å få eit like godt resultat i fase 2, er Hardanger avhengig av at fylkeskommunen ynskjer å engasjera seg med kompetanse og midlar.

Ein må behalda namnet ”Flytt til Hardanger” inn i fase 2, då det er brukt mykje tid og ressursar på å etablere dette namnet, og det er vorte eit omgrepet blant innbyggjarane i Hardanger og andre me har marknadsført oss mot. Nettsida til FTH og kommunevertskapet vert nytta av folk som flyttar til Hardanger, både dei som er direkte rekruttert gjennom prosjektet og andre.

For å visa at Hardanger har stayerevne og prioriterer å halda fokus på dei gode erfaringane, bør ein reindyrka ”Flytt til Hardanger-konseptet” med kjerneaktivitetane til prosjektet: Heimeside [www.flytttilhardanger.no](http://www.flytttilhardanger.no), kommunegruppe, kommunevertskap, samling for tenestetorgtilsette, integrering av tilflyttarar, treff for utflytta hardingar og rekruttering av nye tilflyttarar.

Det er viktig å halda fokus på fortsatt tilflytting, å få fleire tilflyttarar i etableringsfase til å busetja seg i regionen. Berre på denne måten vil ein kunna redusera dei årlege fødselsunderskota. Asplan Viak påpeikar i rapporten sin at positiv netto tilflytting vil vera den viktigaste kjelda til å oppretthalda ei positiv befolkningsutvikling sidan dagens befolkningsstruktur ikkje gjev naturleg vekst gjennom fødselsoverskot.

Det skjer store endringar på samferdselsfeltet i Hardanger, med dei store samferdselsprosjekta Hardangerbru, Vossapakka, Jondalstunnel og Kvammapakka. Hardangerrådet har saman med Hordaland fylkeskommune sett på kva moglegheitar dette gjev Hardanger, og det er ynskje om å fokusera på dette i den vidare regionale utviklinga.

Samtidig som ein visar at ein arbeidar langsiktig i Hardanger og fortsett med ”Flytt til Hardanger”, er det positivt om Hardanger kan visa at me satsar offensivt og startar eit nytt prosjekt som heiter ”Nye Hardanger” der ein tek inn dei store, nye samferdselsprosjekta samt kultur- og næringsdelen i FTH. Nye Hardanger bør ta inn fylgjande arbeidsfelt: Nye samferdselsprosjekt, nye ABS-område, næring og plan, bustad og plan, Hardanger Næringsråd (Starthjelp til næringslivet tar over), stoppeffektar etter nye samferdselsmønstre, kunstnarhuset Messen og leilegheit i Berlin.

Ein bør i tillegg ta sikte på å realisera Hardanger 2014, men med statlege midlar utanom regional finansiering. Om dette prosjektet vert realisert, bør dette prosjektet knytast opp mot fagmiljøet på regional utvikling.

Merkevare Hardanger bør revitaliserast framover, dei 7 kommunane sit på eit veldig sterkt merkenamn som bør nyttast så mykje som mogleg. Utad er Hardanger ein region. Merkevare Hardanger bør utvidast i høve førre prosjektperiode til å gjelda: Merkevareprodukt, årlege marknadsføring av regionen med ulike fokus: Tilflytting, næringsliv, kompetanse, m.m., PR-arbeid, messer og identitetsbygging/regionstanke.

Hardangerrådet (HR) bør fortsatt inneha rolla som regional utviklingsaktør framover, i tillegg til at det er eit politisk samhandlingsorgan. Det vil vera føremålsteneleg å laga eit fagmiljø der fleire personar er tilsatt i same organisasjon og arbeidar med regional utvikling. På den måten vil ein få eit betre fagmiljø, betre synergjar mellom ulike prosjekt og ein er mindre sårbar ved f. eks sjukdom.

Hardangerrådet vil då få ein politisk-/kommunal del og ein regional utviklingsdel:

1. Politisk og kommunaldel; Hardangerrådet med 7 ordførarar, Hardanger rådmannsforum med 7 rådmennene, Hardanger ungdomsråd med 7 ungdomsrådsleiarane og Hardangerringet med formannskapa i Hardanger.
2. Regional utviklingsaktør der ein arbeidar målretta på fleire felt og med fleire prosjekt.

I krysninga mellom arbeidsfelt 1 og 2 kan ein danna eit regionalt strategifora med min. 1 repr frå alle miljø, dvs; Ordførarar, rådmenn, ungdomar og tilsette i HR (Utviklingsmedarbeidarar) der ein har informasjonsutveksling og samarbeidar om regional utvikling.

Ressurs på dei framtidig regionale utviklingsprosjekta bør ha fylgjande storleik pr år i 5 – 7 år:

1. Flytt til Hardanger: ½ stilling + frie midlar. Totale rammer i størrelsesorden: 650 000 – 850 000 Nok.
2. Nye Hardanger + Merkevarer Hardanger: 1 stilling + frie midlar. Totale rammer i størrelsesorden: 1 400 000 – 1 900 000 Nok

Det må setjast krav til kommunane at dei opprettar eigne stillingsressursar på regional utviklingsarbeid, ca. 40 % stilling, og at det er ei intern arbeidsgruppe i kommunen med sentrale personar.

## **6. Oppfølging og gjennomføring av Strategi og handlingsplanar**

### **6.1 Framdriftsplan for informasjon internt og eksternt**

#### **Mål og rammer**

Informasjon internt og eksternt er eit av hovudarbeidsområda til Prosjektleder.

PL skal syta for at det er god informasjon om Flytt-til-Hardanger i heile prosjektperioden, mai 2007 til mai 2010.

#### **Tidsrammer for informasjon, internt og eksternt:**

**Oppstart:** Mai 2007

**Slutt:** Mai 2010

#### **Overordna mål:**

1. Gjera Flytt-til-Hardanger kjent for politikarar, kommuneadministrasjon, næringsliv, ungdomar og resten av innbyggjarane i Hardanger. Innbyggjarane må vita om og identifisera seg med tilflyttarprosjektet. Informasjon om prosjektet skal sikra at innbyggjarane har ei positiv halding til tilflyttarprosjektet og nye tilflyttarar.
2. Orientera om dei ulike aktivitetane i prosjektet fortløpande.

**HA-1 Bruka Radio Folgefonn** til å orientera om ulike samlingar, aktivitetar og resultat i prosjektet.

- **Har hatt ca. 30 innlegg på Radio Folgefonn**

**HA-2 Arrangera temasamlingar** for kommuneadministrasjon, politikarar, næringsliv og ungdommar. Temasamlingar skal haldast kvar 6. månad for å setja fokus på viktige tema i prosjektet, og for å halda entusiasme og fokus oppe.

- **Har hatt to temasamlingar med temaene: 1. Prosjektoppstart, 2. Bustad. Prosjektgruppa reduserte tal temasamlingar då det var mange andre arrangement som dekkja både same tema og målgruppe.**

**HA-3 Kontinuerleg kontakt mellom Prosjektleder (PL) og kontaktpersonar i kommunane.** Utveksling av erfaring, drøfting av nye tiltak og gjennomføring av desse.

- **Har hatt jamleg kontakt med kontaktpersonar, i snitt kvar veke.**

- HA-4 Oppfølging av delprosjektleiarane og deltaking i delprosjektgruppene**  
PL skal delta i delprosjektgruppene for å halda tråden i prosjektet og for å kopla dei ulike gruppene der det er formålsteneleg, så ein oppnår synergjar av dei ulike aktivitetane i prosjektet.  
**- PL har deltatt på dei fleste møta i delprosjekta.**
- HA-5 PL skal vera synleg i lokalavisene** og orientera om ulike samlingar, aktivitetar og resultat i prosjektet.  
**- Prosjektet har hatt ca. 170 innslag i lokaleavisene hittil i prosjektperioden**
- HA-6 PL/PA skal halda orienteringsmøte for lokale heradsstyre**, byrja på første orienteringsrunde januar 2008, PL tek sikte på å halda 2 slike orienteringsrundar i prosjektperioden.  
**- PL og PA hadde ein orienteringsrunde i alle herads-/kommunestyre vinter 2008**  
**PA vil ta ein ny orienteringsrunde vinter 2010.**
- HA-7 PL/PA skal halda orienteringsmøte i Hardangerrådet**, cirka 2 pr. år.  
**- Gjennomført.**
- HA-8 PL vil halda informasjonsmøte i ungdomsråda.** PL vil arrangera samling for ungdomsråda i Hardanger, 4 stk totalt i perioden: 2 stk 2008, 2 stk 2009.  
**- Det har vore arrangert 3 samlingar for ungdomsråda i Hardanger t.o.m. mai 2009. Ansvar for desse samlingane overført til Hardanger Ungdomsråd og HR etter mai 2009.**
- HA-9 PL vil vitja kommunen** (kommuneadministrasjon, næringsliv, politikarar/ordførar, ungdomsråd) to gongar i prosjektperioden.  
**- PL var på vitjing i alle kommunane og snakka med administrasjon, politikarar og næringsliv 2007, PL har ikkje hatt tilsvarande fleire rundar, men god kontakt med kommunane gjennom ulike delprosjekt og samlingar, mellom anna kommunegruppa, næringslivsgruppa og tenestetorgsamlingar.**
- HA-10 PL vil gje innspel på korleis kommunen kan marknadsføra seg på ein positiv måte.**  
**- PL gav innspel i samband med viltingsrunde i 2007.**
- HA-11 Heimeside med tilhøyrande databasar,**  
**- Operativ f.o.m. mai 2008.**
- HA-12 PL vil delta med innlegg på dei årlege Hardangerkonferansane.**  
Oktober 2007, oktober 2008, oktober 2009.  
**- PL var invitert til å halda innlegg i 2007 og 2008, og deltok på konferanse i 2009.**
- HA-13 PL vil delta i lokale prosjekt** som har tilknytning til det overordna prosjektet, PL vil vurdera dei lokale prosjekta enkeltvis.  
**- PL har ikkje deltatt i lokale prosjekt, men har halde innlegg på diverse Konferansar og møter.**

#### **HA-14 Prosjektet må vera synleg med informasjon på utdanningsinstitusjonar**

Dette har næringslivsgruppa ansvar for.

**- Dette har ikkje vore gjennomført.**

#### **HA-15 Prosjektet må vera synleg med informasjon under dei større festivalane i**

området då mange utflytta hardingar er heime. PL vil overlata til kommunane å organisera dette, men vil skaffa nødvendige informasjonsmateriale.

**- Kommunane fekk utdelt bannarar frå FTH til å bruka under lokale festivalar sommar 2009.**

#### **HA-16 Prosjektet må vera synleg med informasjon mot turistmarknaden.**

Prosjektet vil få utarbeidd materiell som skal vera tilgjengeleg på turistinformasjonar, campingplassar og andre overnattingsstadar.

**- Prosjektet har sendt ut både minibrosjyrer og gratis postkort med motiv frå marknadskampanje til alle overnattingsstader i Hardanger sommar 2008 og 2009.**

#### **HA-17 Delta på samlingar som Bergen Næringsråd arrangerer i samband med**

Bergen 2020, det såkalla rekrutteringssamarbeidet.

**- PL deltok i rekrutteringssamarbeidet så lenge det var operativt, dvs t.o.m. juni 2008.**

#### **HA-18 PL vil knyta kontakt med "Flytt hit-prosjektet" og andre tilsvarende**

prosjekt. "Flytt hit-prosjektet" starta i 2002, og det vil vera nyttig for "Flytt til Hardanger" å ha erfaringsutveksling med andre tilsvarende prosjekt.

**- PL har hatt jamneleg kontakt og eit møte med "Flytt hit" og prosjekt i Vest-Telemark.**

## **6.2 Framdrifts- og handlingsplan for Prosjektgruppa**

Tidsrammer for kommunegruppe:

Oppstart: November 2007

Slutt: Mai 2010

Overordna mål:

1. Vera diskusjonspartnarar for PL, gje innspel, diskutera einskildssaker, framdrift og utvikling i prosjektet
2. Arrangere temasamlingar
3. Samarbeid med regionale høgskular og vurderer høgskuletilbod i regionen

### **Organisering**

Prosjektansvarleg: Leiv Vambheim

Prosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Medlemar: Hilde Indresøvdde, Ottar Byrkjeland, Stig Stark-Johansen, Synnøve Kvamme.

### **Møter, status og oppfølging**

Det er halde 7 møter i prosjektperioden.

### **Arbeidsgruppe for Bachelorgrad:**

HiB: Kristin Reiso Lawther , Hedvig Kristin Rørvik, Anders Vindenes, Torbjørn Lundhaug, Jan Emil Ellingsen, Kari Thorkildsen, Frå Hardanger; Adeline B. Landro, Leiv Vambheim, Gunnbjørg Øyre, Andrid Solås Innset, Åsmund Bakke frå Folgefonna breforlag og Jostein Soldal frå Opplv Odde

Fylgjande formål (hovudaktivitet) er identifisert i Strategi- og handlingsplanen:  
Hovudaktivitetar i prosjektgruppa (Formål):

**HA-1: Diskusjonspartnarar for PL: Ha møter der ein drøftar status i prosjektet og tek opp saker til drøfting**

**- Prosjektgruppa har vore gode diskusjonspartnarar for PL. PL har òg brukt PA som diskusjonspartnar fortløpande gjennom heile prosjektperioden.**

**HA-2: Temasamlingar: Det skal arrangerast 6 temasamlingar i prosjektperioden.**  
Prosjektgruppa skal finna aktuelle tema basert på kva fase ein er i prosjektet.

**- Det er arrangert 2 stk temasamlingar, prosjektgruppa har ikkje funne det føremålstenelege å arrangera fleire.**

**HA-3: Ungdomsrådssamling: Det skal arrangerast 4 ungdomsrådssamlingar i prosjektperioden.** Prosjektgruppa kan utfordra ungdomsråda til å stå for arrangementet, men må finansiera samlingane.

**- Granvin ungdomsråd har tatt ei aktiv rolla i samlingar for ungdomsråda, og hatt ansvar for gjennomføring. Hardanger ungdomsråd er etablert som ei følgje av desse samlinga**

**HA-4: Vurdera etablering og plassering av eit studiesenter til i regionen**

Pr. i dag er det berre Odde som har studiesenter. Prosjektet skal vurdera om det bør etablerast eit til, og eventuelt kor det skal plasserast.

**- Delprosjektlear for skulegruppene har utarbeidd ei anbefaling som vil verta vurdert av Hardangerrådet.**

**HA-5: Samarbeid med regional(e) høgskule (r)**

Prosjektgruppa vil sjå på utdanningstilbodet i regionen og sjå om det er tilstrekkeleg med det studiesenteret som fins i dag (Odde). Vidare skal prosjektet innleia eit samarbeid med høgskulen i Bergen om å bruka Hardanger som praksisplass i sine studium.

**- Det er inngått ei intensjonsavtale med HiB om samarbeid på fylgjande felt: Praksisplassar i Hardanger, vidare- og etterutdanning og utarbeiding av ei Bachelorgrad i guiding. Delprosjektlear for skule har hatt 5 stk møter med HiB, der 2 stk er i arbeidsgruppa for Bachelorgrad.**

**HA-6: Vurdera oppretting av høgskuletilbod innan guiding**

Det kan vera ei bachelorgrad innan fagområdet guide/fjell- og breforar.

Etablera samarbeid med høgskule for å få fagleg støtte.

**- Det er satt ned ei arbeidsgruppe med 4 stk frå Hardanger og 4 stk frå HiB, ferdig anbefaling vil føreliggja vår 2010.**

#### Omfang og avgrensingar

Prosjektgruppa er ei arbeidsgruppe som er trekt ut av styringsgruppa, prosjektgruppa skal vera diskusjonspartnarar for PL. Gruppa skal arbeida for at prosjektet fylgjer strategi- og handlingsplanen. Prosjektgruppa skal vera med å drøfta saker som treng ytterlegare utgreiningar, korrigeringar, .o.l. Prosjektgruppa er eit arbeidsteam for flyttprosjektet med fokus på framdrift og resultat.

#### Kontraktar og vedtak

Det må utarbeidast ei samarbeidsavtale med HiB. Denne må vedtakast i styringsgruppe.

### **6.3 Framdrifts- og handlingsplan for kommunegruppa**

#### **Tidsrammer for kommunegruppe:**

**Oppstart:** November 2007

**Slutt:** Mai 2010

#### **Overordna mål:**

1. Kommunane i Hardanger skal vera gode kommunevertar som tek godt imot nyttilflyttarar og tek vare på dei innbyggjarane som bur i kommunane.
2. Å få 76 utflytta Hardingar til å koma tilbake til Hardanger (4 % av eit årskull på 322, totalt 6 årskull). 76 tal personar med 3 familiemedlemar, totalt: 304 personar.

#### **Organisering**

Hovudprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Medlemar: Kontaktpersonar i kommunane: John Skogseth/Ann-Kristin Eide, Pelle Gangeskare, Sveinung Dukstad/Monica Hereid, Ingunn Stana, Kristin Jordal/Hege Børve, Olav Seim og Jan Tjosås.

#### **Møter, status og oppfølging**

Det er halde 11 møter i prosjektperioden, pluss 4 samlingar for tenestetorga i Hardanger.

Følgjande formål (hovudaktivitet) er identifisert i Strategi- og handlingsplanen:

#### **Hovudaktivitetar i kommunegruppa (Formål):**

##### **HA-1: Sameina arbeidet i prosjektet og kommunane**

Gjennom samtale, oppfølging og møter (15stk) med kontaktperson i kommunen sikra at prosjektet og kommunen arbeidar saman for å koordinera og gjennomføra oppgåvene i strategi- og handlingsplanen.

**- PL har hatt kontinuerleg kontakt, fungert veldig bra.**

##### **HA-2: Oppfølging av arbeidet i kommunane**

Sjå til at kommunane har tilstrekkeleg fokus og organisering til å gjennomføra dei tiltak som er identifiserte i prosjektplanen. Ha dialog med kommuneadministrasjon og styringsgruppa om dette.

**- Det har fungert bra i 6 av 7 kommunar. Har hatt samtalar med einskildkommunane om organisering og oppfølging.**

### **HA-3: Kommunevertskap**

Arbeida for å få rolleforståing og praksis som kjenneteiknar det gode kommunevertskap, definerer kva dette inneber.

**- Dette temaet har vore diskutert i kommunegruppa og på samling for tenestetorg, det har vore auka fokus på dette i heile prosjektperioden.**

### **HA-4: Motivering og kursing av operativ kommunevertskap (tenestetorga)**

Sikra at tenestetorga har fokus på å vera gode kommunevertar og at dei har tilstrekkeleg regionskunnskap om Hardanger.

**- Har hatt 4 samlingar for tenestetorgtilsette, der temaene har vore debattert. Samling for tenestetorg har vorte ein viktig møtestad.**

### **HA-5: Serviceerklæring for tilflytting**

Utarbeida ein grovskissa serviceerklæring for tilflyttingssaker som ein vil leggja fram for rådmannsforumet til godkjenning og implementering.

**- Serviceerklæring for tilflytting har vore handsama i kommunegruppa og på samling for tenestetorgtilsette, erklæringa er òg lagt fram for rådmannsforumet.**

### **HA-6: Velkomstpakke og basisinformasjon til tilflyttarar**

Utarbeida ein mal for velkomstmappe til kommunane, som inneheld basisinformasjon til tilflyttarar. Etablerer rutinar rundt kartlegging av nye innbyggjarar og utdeling av velkomstmapper.

**- Alle kommunane har velkomstmapper for nytilflyttarar og rutinar for utdeling.**

### **HA-7: Brev til utflytta Hardingar**

Direkte rekrutteringskampanje inn mot målgruppa som er vakse opp i Hardanger.

**- Utflytta hardingar i aldersgruppa 30 – 35 har fått 3 postkort frå FTH i samband med marknadskampanjen.**

### **HA-8: Inkludering av tilflyttarar i lokalsamfunnet**

Det er mange arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa som er i Hardangerkommunane, men som ikkje er inkludert i lokalsamfunnet. Ein må laga ein inkluderingsplan for desse.

**- Det er ikkje arbeidd med dette temaet på regionalt nivå, kommunane ynskte å gjera dette på kommunalt nivå. Men dette temaet bør opp på regionalt nivå i neste fase, då det har vore stor tilflytting frå Europa dei siste 2 åra.**

### **HA-9: Haldningskampanje internt i kommuneorganisasjonen**

Ei oppmoding til alle tilsette i kommuneorganisasjonen til å vera gode kommunevertar og arbeida i tråd med mottoet: ”Ja, det ordnar me”

**- Det er ikkje laga eigen haldningskampanje på dette i kommunane, men slagordet er vorte presentert i mange samanhengar.**

### **Omfang og avgrensingar**

Prosjektet har fokus på region, dvs ordningar som gjeld alle kommunane, ikkje einskildkommunane. Ein skal trekkja erfaring frå dei gode eksempla i regionen, og ha ein open diskusjon i kommunegruppa for å finna gode løysingar på oppgåver relatert til tilflytting og vertskapsrolla i kommunane.

Lokale utviklingstiltak som gjeld einskildkommunen, er ikkje med i Flytt-til-Hardanger-prosjektet, men skal administrerast og drivast av kommunane sjølve.

### **Kontraktar og vedtak**

Det må fattast vedtak i rådmannsforumet og i kommunestyret når det gjeld stillingsressurs og organisering av prosjektarbeidet internt i kommuneorganisasjonen.

**- Dette vart tatt opp i RF, men vart ikkje vedtatt. RF ynskte at kommunane skulle ordna det individuelt.**

## **6.4 Framdrifts- og handlingsplan for Placementgruppa**

**Oppstart:** Januar 2008

**Slutt:** Januar 2010

### **Overordna mål:**

1. Få 125 personar til å flytta til Hardanger gjennom Placement.
2. Alle kommunane skal ha ein bustadplan.

### **Organisering**

Hovudprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Ingunn Stana

Medlemar: John Skogseth/Ann-Kristin Eide, Pelle Gangeskar, Sveinung Dukstad, Kristin Jordal/Hege Børve, Olav Seim, Jan Tjosås, Olaf Hernes, Arjan L.H. Stolk, Trees Gerla,

### **Møter, status og oppfølging**

Det er halde 15 stk møter i Placementgruppa.

### **Hovudaktivitetar (formål):**

#### **HA-01. Planlegging, organisering og oppfølging av prosjektet.**

1. **Koordinera og gjennomføra oppgåvene i prosjektplanen.**  
Koordinering og gjennomføring er etter planen, men på grunn av endring i næringslivet etter "finanskrise" har me endra fokus frå generelle arbeidstakarar til gründarar og folk med spisskompetanse.
2. **Kontinuerleg oppfølging av prosjektet** Oppfølging går etter planen.

#### **HA-02: Nettverksbyggjing.**

1. **Etablera kontakt og presentera prosjektet for næringsliv, kommunetilsette, bygdslag, idrettslag osv. Presentera prosjektet i media.** Presentasjonar gjennom mediaoppslag, folkemøte og utsendingar i post. Næringslivet har me kontakt med gjennom næringssjefane i kommunane.
2. **Henta erfaringar frå arbeidet i andre kommunar** Gode diskusjonar i Placementgruppa, rause deltakarar som deler idear og tankar med kvarandre over kommunegrensene. Møtene i gruppa har vore uvurderlege i forhold til innspel/kreativitet. I byrjinga av prosjektet henta me også innspel frå Placementkommunar i andre delar av landet.

3. **Etablere kontakt med huseigarar som vil leiga ut husa sine, og oppretta ein bustadplan der kommunane kan ha oversikten over ledige husvære.** Har delt oppgåva med hus-jakt med kommunegruppa. Alle kommunekontaktane har funne hus til placementtilflyttarane som har kome, men det er framleis for små bustadmarknader i dei minste kommunane. Heimesida [www.flytttilhardanger.no](http://www.flytttilhardanger.no) er eit flott hjelpemiddel for dei som leiter etter hus, og for kommunekontaktane i Placementgruppa som ofte må på husjakt for tilflyttarfamiliane.

#### HA-03: Informasjonsmateriale.

1. **Utforma presentasjon av kommunen, samt innhenta informasjon om trygd, opphaldsløyve og arbeid som er relevant for kommunekontaktane å vita.** Alle kommunane har velkomstmapper, velkomstpresentasjonar, og alle kommunekontaktane har vore gjennom både besøk og flytting frå utlandet. Har no mykje erfaring med opphaldsløyve/arbeidsløyve, D-nummer etc.

#### HA-04: Marknadsføring og rekruttering

1. **Ta imot besøkjande til kommunen og gje dei informasjon om husvære, arbeidsmøgelegheiter, fritidstilbod, skule, barnehage osv.** Besøksrutinane er bra i alle kommunar. Alle kommunane har vore gjennom dette, og delprosjektlear og Placement AS får gode tilbakemeldingar frå familiane.
2. **Halda kontakten med potensielle tilflyttarar og vera tilgjengelege til å svare på eventuelle spørsmål dei måtte ha.** Noko dårleg på tilbakemeldingar og oppfylgjing før tilflyttarane er komne til Noreg, men kontaktpersonane er gode til å svara på direkte spørsmål og til å finna løysingar på ulike utfordringar. Problemet med tilbakemelding og oppfylgjing er at fleire kommunekontaktar ikkje kan prioritera det på grunn av tidsmangel.
3. **Delta på rekrutteringsmesser og informasjonkveldar i Nederland og Belgia** Me har vore på Skandinaviske Dager (messe i regi av Placement AS, ca 2000 besøkjande) kvart år, og me var også på ei Eures-messe sommaren 2008. I samband med Euresmessa organiserte Placement AS ein Hardangerkveld der prosjektet fekk informert ca 200 personar om Hardanger. Prosjektkommunane deltek også på Skandinaviske Dager i 2010.
4. **Hjelpe med formidling av arbeidskraft til det lokale næringslivet. Driva aktiv formidling av ledige stillingar i definerte arbeidsmarknader i samarbeid med Placement.** Ok i dei fleste kommunar. Ser ei endring i næringslivet: fleire norske søkjarar gjer at utanlandske søkjarar vert nedprioritert. Framleis for lite bruk av NAV sine heimesider for utlysing av stillingar.
5. **Formidla ledige husvære til potensielle tilflyttarar.** Ok i alle kommunar, sjølv om arbeid med husvære kostar mykje tid og ressursar. Alle placementtilflyttarar har til no fått husvære, men nokon får berre midlertidige hus.

#### HA-05: Mottak/integrering

1. **Hjelpe, og ta imot, etablerarar/gründarar. Aktiv rettleiing i heile etablerarprosessen i samarbeid med Placement.** Fungerer bra. Arbeider saman med næringsavdelingar. Godt system for rettleiing av gründarar i dei fleste kommunane.

2. **Ta imot heile familiar. Passa på at alle i familien vert like godt mottekne, sjølv om det, til dømes, berre er den eine vaksne som har jobb. Skule, barnehage, organisasjonar/lag må vera involverte.** Skule/barnehage fungerer bra i forhold til oss. Dei har mange utfordringar i høve å få born frå fleire land inn i systemet sitt, men i kontakt med oss har dei vore veldig hjelpsame og imøtekomande (med få unntak).
3. **Hjelpa tilflyttarar med å få på plass alle formalitetar i samband med det offentlege, barnehage-/skuleplass, og informasjon om frivillige lag og organisasjonar.** Kontaktpersonane fungerer bra som informasjonsarbeidarar!
4. **Skaffa språkopplæring til tilflyttarane.** Det er no språkopplæring i alle kommunane. Det er ulike system, men tilboda er der.

#### **HA-06: Avslutting av prosjektet.**

1. **Drøfta eventuell vidareføring av prosjektet** FTh har i samråd med Placement Utvikling kome fram til at Placementprosjektet skulle utvidast til og med mai 2010. Utvidinga skjer fordi me ikkje føler at me har oppnådd det resultatet som er mogeleg for regionen, og me treng litt meir tid til å få alt på plass.
2. **Avklara resultat.** Til no har 62 personar anten flytta til Hardanger eller kome så langt i prosessen at dei har hus og arbeid (flyttar i løpet av fyrste halvdel 2010). Me har ein minimumsgaranti frå Placement AS på 70 tilflyttarar, men arbeider framleis med ei målsetjing på ca 100. (OBS! Dette talet er kun for Odda, Ullensvang, Ulvik, Granvin, Kvam og Jondal. Eidfjord kommune hadde eige prosjekt, så desse tala vert ikkje rekna med).

Dette er ein tidsplan som samanfell med planen til Placement. Me må vera klare over at nokre av dei me rekrutterer til regionen vil koma flyttande *etter* at samarbeidet med Placement er avslutta. Difor må kontaktperson vera tilgjengeleg også i månadane etter Placementprosjektet er avslutta. Det er uansett slik at ved slutten på prosjektperioden vil me ha oversikt over både kven som kjem og har kome gjennom Placement, og me kan slik drøfta suksessraten.

#### **Omfang og avgrensingar:**

Prosjektet har fokus på region, men samstundes på særpreget til kvar enkeltkommune. Overordna ligg regionstanken, der me skaffar tilflyttarar til heile regionen, men me freistar samstundes å finna "rett folk til rett stad" ved å hjelpa kommunane og lokale arbeidsgjevarar å finna kvalifisert arbeidskraft som dei treng der og då. Så langt det er mogeleg vil me fordela tilflyttarar likt på kommunane, men dette er i stor grad avhengig av at kommunane gjer sitt for å få tak i desse tilflyttarane.

Kommunane sjølve tek kostnadane og arbeidet med å utarbeida mottaksapparat, bustadplan og andre tiltak som er naudsynte for å få gode resultat i Placementprosjektet.

#### **Kontraktar og vedtak:**

Det må fattast vedtak i rådmannsforumet og i kommunestyret når det gjeld stillingsressurs og organisering av prosjektarbeidet internt i kommuneorganisasjonen.

**- Dette vart tatt opp i RF, men vart ikkje vedtatt. RF ynskte at kommunane skulle ordna det individuelt.**

## 5.5 Framdrifts- og handlingsplan for databasegruppa

**Oppstart:** November 2007  
**Overført til Marknadsføringsgruppa:** 1. august 2008

Overordna mål:

1. Potensielle tilflyttarar skal få god og relevant informasjon om Hardanger, Presentasjonen må visa Hardanger sitt særpreg visa kva som gjer at Hardanger er ein glimrande region å flytta til. Det må minst vera med informasjon om: Ledige stillingar med visning på kart, hus/husvære til sals/leige med visning på kart, skular, barnehagar, helsetilbod, kultur, fritid, næringsetablering, andre offentlege tenester, link til kommunesidene.

### Organisering

Hovudprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Jarle Vestrheim

Medlemar: Anders Ellingsen, Frank Tangen, Hege N. Børve, Ingunn Stana, Monika Hereid, Solveig Reinsli

Programmerarar: Jens Ove Lillegraven og Kjartan Haugen

### Møter, status og oppfølging

Det er halde 4 møter i databasegruppa, og 2 presentasjonar for kontaktpersonar og tenestetorg.

Følgjande formål (hovudaktivitet) er identifisert i Strategi- og handlingsplanen:

#### Hovudaktivitetar i databasegruppa (Formål):

##### HA-1: Sameina arbeidet i prosjektet og kommunane

Gjennom samtale, oppfølging og møte med kontaktpersonar i kommunane sjå til at kommunane har tilstrekkeleg fokus og organisering til å skaffe og leggje inn informasjonen som er forutsett i overordna mål. Ha dialog med kommuneadministrasjon og styringsgruppa om dette.

**- Gjennomført.**

##### HA-2: Etablere databasestruktur og websidestruktur

Lage to strukturar, ein for databasen og ein for websidene som er lett å utvide og som tilfredsstillar dei krav me veit om i dag, og gjer det fleksibelt for å kunne ta inn krav som kjem i framtida.

**- Gjennomført**

##### HA-3: Innhenting av eksterne data

Data skal hentast automatisk frå NAV og Finn.

**- Delvis gjennomført. Det vert henta data automatisk frå NAV, ein har ikkje lukkast å få avtale om dataoverføring frå Finn, så ein køyrer ei mellomløysing som krev noko manuelt oppfølgingsarbeid.**

#### **HA-4: Legge til rette for at kommunane sjølve kan legge inn informasjon**

Lage brukargrensesnitt mot databasen slik at alle kan leggja inn data, og at kontaktperson i kvar kommune kan leggja til brukarar.

- Gjennomført

#### **HA-5: Tekst og bilete som skal gjera at folk får lyst til å flytta.**

I samarbeid med marknadsføringsgruppa utarbeide tekst og skaffa bilete som skal lokka tilflyttarar til Hardanger.

- Gjennomført

#### **HA-6: Lett å finna**

Sidene må koma høgt opp på Google, og det må vera gode domenenavn.

- Gjort noko arbeid, kan gjerast meir.

#### **HA-7: Vedlikehald**

Websidene må vedlikehaldast og oppdaterast ettersom tida går. Her må kommunane kunne endra teksten på sidene sjølve.

- Sidene vert vedlikehalde av PL og kommunane, men heimesida kan oppdaterast oftare og moglegvis gjerast meir dynamiske.

#### **Omfang og avgrensingar**

Databasegruppa gjer tilgjengeleg websidene og strukturen i databasen, samt aktiverar automatisk innhenting av data frå eksterne kjelder, men det er einskildkommunane som må leggja inn informasjonen om hus, jobbar og tilbud i kommunen som ikkje tilflyt automatisk.

## **5.6 Framdrifts- og handlingsplan for marknadsføringsgruppa**

#### **Tidsrammer for marknadsføringsgruppa:**

**Oppstart:** November 2007

**Slutt:** Mai 2010

#### **Overordna mål:**

1. Få fleire innbyggjarar i Hardanger. Gjera Hardanger kjent for målgruppa vår, 25 – 45 år, og visa fram Hardanger som ein god buplass med grunnlag i faktiske forhold og marknadsundersøking.
2. Få 100 fleire personar årleg til å flytta til Hardanger i 2009 og 2010 som fylgje av marknadsaktivitetar.

#### **Organisering**

Hovudprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Medlemar: Sveinung Dukstad, Lars Instanes, Øyvind Sollesnes, Hildegunn Strømme, Jarle Vestrheim, Kåre Frøystein og Solbjørg Tveiten. I tillegg har desse personane deltatt i gruppa i sluttfasen: Sjur Ove Svartveit, Lars Erik Klafstad og Adeline Landro.

### **Møter, status og oppfølging**

Det er halde 11 møter i marknadsføringsgruppa.

Fylgjande formål (hovudaktivitet) er identifisert i Strategi- og handlingsplanen:

### **Hovudaktivitetar i Marknadsføringsgruppa(Formål):**

#### **HA-1: Marknadsundersøking**

Gjennom samarbeid med Analyse, utgreiing og dokumentasjon ved Hordaland Fylkeskommune (AUD) gjennomføra fokusgrupper med Hardingar og ikkje-hardingar i Bergen og Oslo (totalt 4 stk). I tillegg skal det gjennomførast ein større marknadsundersøking blant alle 31-åringane som er vakse opp i Hardanger. Dette skal danna grunnlag for overordna marknadsføringsplan.

**- Gjennomført og ferdigstilt juni 2008**

#### **HA-2: Overordna marknadsføringsplan**

Definera målgruppe, finne kjenneteikn ved målgruppe, finne kjenneteikn ved Hardanger, bruka marknadsundersøking til å spissa marknadskampanjen inn mot det som opptar målgruppa og det som Hardanger har å by på. Identifisera det geografisk område ein ynskjer å ha den større marknadskampanjen i og kva medium ein skal bruka.

**- Gjennomført og ferdigstilt i mars 2009 i samarbeid med Orangeriet.**

#### **HA-3: Nasjonal / overordna marknadsføringskampanje**

Direkte marknadsføringskampanje mot målgruppa vår med overordna mål å få fleire personar i aldersgruppa 25 – 45 år til å busetja seg i regionen.

**- Marknadskampanje hadde hovudtyngd april – juni 2009, med oppfylgingsaktivitet i regionen og treff i Bergen t.o.m. november 2009.**

#### **HA-4: Informasjon internt og eksternt**

All informasjon internt og eksternt vil ha ei marknadsføringsverdi. Sjå eigen plan for informasjon og marknadsføring.

**- Har gjeve mykje informasjon internt i regionen, har hatt ca. 200 mediaoppslag, hovudsakeleg gjennom lokalmedia. Har sendt ut flygeblad til alle husstandar 2 gongar, PL har deltatt på møter og konferansar i regionen med informasjon.**

#### **HA-5: Identitetsbygging**

Gjennom informasjon til kommunestyra, kommuneadministrasjon og andre innbyggjarar i Hardanger styrkja Hardangeridentiteten. Ein ynskjer at innbyggjarane i Hardanger skal løfta fokuset frå kommune til region når det gjeld utvikling, tilflytting og samarbeid.

**- Dette er ein faktorane ein har lukkast med i prosjektet, moglegvis den viktigaste. Det regionale fokuset har auka monaleg i dei ulike miljø me har arbeidd inn mot.**

#### **HA-6: Haldningskampanje**

Ei oppmoding til innbyggjarane om å vera gode kommunevertar og ta imot tilflyttarar på ein god måte. Innbyggjarane må vera tolerante og opne i si framferd. Innbyggjarane er viktige ambassadørar for kommunen, det er ingen som vil bu ein stad der innbyggjarane er negative til alt som rører seg rundt dei.

**- Ein har ikkje hatt eigen strategi på dette, men det er eit tema som har vore tatt opp i mange samanhengar, bl. a på folkemøta FTH hadde i alle kommunane.**

#### **Omfang og avgrensingar**

Prosjektet har fokus på region, og marknadsføringsgruppa har fokus på å marknadsføra Hardanger som ein god buregion. Marknadsføring av einskildkommunen, må kommunen sjølv leggja planar for og gjennomføra.

#### **Kontraktar og vedtak**

I samband med den overordna / nasjonale marknadskampanjen vil det verta skrive avtalar ed ulike leverandørar, etter godkjenning av marknadsføringsplan i styringsgruppa.

### **6.7 Framdrifts- og handlingsplan for Hardangerlokk**

**Oppstart:** Februar 2008 (dagleg leiar tilsatt januar 2009)

**Slutt:** Mai 2010

#### **Overordna mål:**

1. Auka folketalet
2. Betra omdømet og styrka identiteten.

**Visjon: Hardanger skal stå fram som eit fyrtårn for omverda gjennom satsing på kunst, kultur, godvilje og trivnad.**

#### **Organisering**

Hovedprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Leiar av delprosjektgruppa: Lars Erik Klafstad

Kulturdirektør: Vidar Skeie

Medlemmer i delprosjektgruppa: 2 representantar frå Harding Puls: Ingunn Van Etten og Solfrid Aksnes og kulturleiarane i alle 7 kommunane: Nina Kongtorp, Maria Brattbakk, Olav Seim, Espen Eide, Kari Vambheim, Sveinung Dukstad og Els Geleen

#### **Møter, status og oppfølging**

Det er halde 10 møter i H-lokk.

## **Hovudaktivitetar i Hardangerlokkgruppa (Formål):**

### **HA-1: Utlysa stipend**

3 lokkestipend à 50 000,- kroner til kunstnarar som vil busetje seg i hardangerregionen. 3 fordjupingsstipend med 1 på kr 50 000,- og 2 på kr 25 000,- for kunstnarar som bur i Hardanger.

**- Gjennomført.**

### **HA-2: Det regionale Kunstnarhuset Messen**

Bygge opp Kunstnarhuset Messen der det no er 6 kunstnarar som har atelier og eit kunstnarpar bur. Harding Puls og Hardangerlokk har kontor der og det er planlagt å få til fleire kreative arbeidsplassar på huset (sjå HA-3). I Kunstnarhuset Messen er det lagt opp til at gjestekunstnarar kan bu og jobba i periodar. Fyrste gjestekunstnar kjem måndag 11. mai. Huset er stort (3 etasjer à 420 kvm) og det er rom for mange aktivitetar.

**- Ja, det har vore 26 kunstnarar som har arbeidd og budd ved senteret.**

### **HA-3: Næringsklekkeriet Messen**

Saman med Ålvik Vekst utarbeider ein Næringsklekkeriet Messen som eigen regional organisasjon. Hardangerlokk er med i NCE Tourism- Fjord Norway der hovudmålet er å få etablert eit norsk ekspertisesenter og ”skape helhetlig, innovativ og berekraftig reiselivsutvikling gjennom tematisert produktutvikling og markedskommunikasjon” på Vestlandet.

**- Hardangerlokk er utviklingsaktør i NCE-tourism og jobbar mot at enkeltaktørar skal etablere seg her i samarbeid med Ålvik Vekst.**

### **HA-4: Hardanger 2014**

17. mai 2014 er det 200 år sidan Noreg fekk eiga grunnlov og var eit steg på vegen til norsk sjølvstende. Hardanger må synleggjera kva regionen har betydd for nasjonsbygginga og peika framover på mangfaldet, ambisjonane og potensialet som ligg i Hardanger. Dette fell saman med ”Kulturløftet 2014” til Kulturdepartementet sjå anna eksempel [www.2014moss.no](http://www.2014moss.no) .

**- Eit utkast til forstudie på Hardanger 2014 vert presentert Hardangerrådet 11.desember 2009.**

### **HA-5: Kunstnarhusværet i Berlin**

Frå 1. mars 2009 disponerer Hardangerlokk eit 3-roms husværet i Berlin for kunstnarar tilknytt Hardanger. Hardangerkommunane, Hardangerrådet og Hardangerlokk er med på å finansiera husværet.

**- Eit populært tilbod, og tildeling for heile 2010 er allereie gjort.**

### **HA-6: Hardanger Open**

Saman med kunstnarorganisasjonen Harding Puls vil Hardangerlokk gjennomføra Hardanger Open. Kunstnarar i regionen skal stå i fokus og skal halda opne atelier/verkstader samt alle galleri for publikum. Det skal haldast forskjellige seminar, konsertar og litteraturarrangement i perioden.

**- Etter tilråding frå kommunelækjaren i Kvam angående svineinfluensa pandemien gjorde at ein utsatte Hardanger Open til 23.-26. april 2010. Harding Puls har takka ja til å overta prosjektet Hardanger Open.**

### **HA-7: Lokkehelger**

Det vert gjennomført 2 lokkehelger i prosjektperioden. Kreative enkeltpersonar vert invitert til Hardanger. Lokkehelgene bør sjåast i samanheng med næringsetablering (sjå HA-3) og kva kompetanse det lokale opplevingsbaserte næringsliv etterspør og potensialet som ligg i Hardanger.

**- Fredag 3. juli vart det gjennomført ein lokkedag.**

### **HA-8: Skulptur-utstilling: Landemerke**

I juli 2008 vart det sett ut stålskulpturar av Ron Westerhuis i alle 7 hardangerkommunane og det markera starten på prosjektet Hardangerlokk og var eit fyrtårnprosjekt.

**- Gjennomført.**

### **HA-9: Skuleprosjekt- Den kulturelle skulesekken**

Gjere prosjekt saman med den kulturelle skulesekken.

**- Den kulturelle skulesekken hadde søknadsfrist 1. desember, men ingen søknad vart sendt ettersom "Flytt til Hardanger" med delprosjektet Hardangerlokk er foreslått å vera sovande i 2010.**

### **HA- 10: Marknadsføring/kommunikasjon.**

Kommunisera med politikarar/kommuneansatte gjennom folkemøter. Halda regionale og nasjonale medium informert om kva tiltak/prosjekt Hardangerlokk gjer. Kontakta nisjetidsskrifter innan kunst og kultur og informere om/marknadsføre stipendordningar, Kunstnarhuset Messen og husværet i Berlin. Utarbeide eigen grafisk profil med heimesider.

**- Gjennomført.**

### **HA- 11: Nettverksbygging**

Byggje relasjonar med kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Knyte kontaktar med Norsk Kulturråd, Hordaland Fylkeskommune, Kommunal- og Regionaldepartementet og Kulturdepartementet.

**- Gjennomført, der ein også har fått høve til å helse på kulturminister fleire gonger.**

### **HA- 12: Kompetanseheving**

Seminar for kunstnarar, kommuneadministrasjon, reiselivsnæringa og næringar med bruk for kreativitet i produksjon av varer og tenester.

**- I høve oppstart av Japan-Hardanger Club har ein bidrege med kompetanse og kontaktar inn i folkemusikkorganisasjonar og til Utanriksdepartementet. Elles vore på generalforsamling for National Centre of Expertise Tourism Fjord Norway.**

### **Omfang og avgrensingar**

Prosjektet har fokus på kulturlivet og er ei heilskapleg satsing på kvalitativ kunst og kultur i Hardanger. Hardangerlokk skal vera ein organisasjon for kunst- og kulturformidling og kulturpolitikk.

## 6.8 Framdrifts- og handlingsplan for næringslivsgruppa

**Oppstart:** Februar 2008

**Slutt:** Mai 2010

### Overordnet mål:

1. Sikre rekruttering av arbeidskraft til næringslivet i Hardanger.
2. Få 80 - 100 personer til å busette seg i Hardanger

### Organisering

Hovedprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Olaf Hernes (01.01.08 - 01.01.09) og Sjur Ove Svartveit (01.01.09 - prosjektslutt )

Medlemmer: Ålvik Vekst: R. Johansen/ Ø. Aadland, Kvam Næringsråd; O. Byrkjeland / T. Ljones, Eidfjord Utvikling; S Dukstad / L. Adreassen, Granvin Næringsforum; S. H. Pedersen, Jondal Næringslag; Tørres Meland, SMB Odda: K. Rønnehovde og J. O. Åsen, Ulvik Næringsssamskipnad; K. S. Skeie, Ullensvang næringslag; E. Hatten / G. Midtun, Reisemål Hardangerfjord: P O Pedersen (ikkje møtt), Sparebanken Hardanger; T Næss / Langeland, Bondelaget: Marta Meland, Bonde- og småbrukarlaget: Reisæther.

### Møter, status og oppfølging

Det er halde 6 stk møter i gruppa, pluss 3 stk møter i arbeidsgruppa for Hardanger Næringsråd. Næringslivet deltok med 14 av dei største verksemdene på treff i Bergen november 2009.

### Hovedaktiviteter i næringslivsgruppa (Formål):

#### HA-1: Arrangere regional næringslivsdag

Invitere til regional næringslivsdag i Hardanger for næringslivsinteresserte  
- Arrangert 2 Næringslivsdagar på Utne våren 2008 og våren 2009. Hovudtema har vore Hardanger Næringsråd og utdanning. Frammøtet bra, men kunne vore fleire frå målgruppa som var næringslivet.

#### HA-2: Planlegging, organisering og oppfølging av fremdriftsplanen

Koordinere og gjennomføre oppgavene i prosjektplanen. Sørge for kontinuerlig oppfølging av prosjektet og gjennomføre regelmessige møter for prosjektgruppen.  
- I 2009 er det gjennomført 3 møte i prosjektgruppa samt 3 møte i arbeidsgruppe "Hardanger Næringsråd". Vidare er prosjektgruppa orientert via mail på hendingar i prosjektet samt når det skal hentast inn synspunkt.

#### HA-3: Nettverksbygging

Holde god dialog med næringslaga i Hardanger samt delta på rekrutteringsprosjekt i Bergen Næringsråd. Skal vidare forsterke kontakten med samarbeidspartnere som Trainee Vest og NAV Eures. Det søkes også kontakt og dialog med andre næringslag og forum i Hordaland og Rogaland for erfaringsutveksling.

- Dei fleste næringslaga i Hardanger er med i prosjektgruppa og får sin informasjon denne vegen. Vidare har me nytta Bergen Næringsråd og Haugesund Regionens Næringsforening i samband med Næringslivsdagane (sjå ovanfor). NAV Eures var med på eit møte i 2008, men konklusjonen var at deira tenester var perifere i høve til våre behov. Elles har vi også hatt med oss ein representant for NAV på eit møte. Tranice Vest har i samarbeid med prosjektet vitja fleire verksemdar i Hardanger.

#### **HA-4: Hardanger Næringsråd**

Gradvis bygge og etablere Hardanger Næringsråd i prosjektperioden med forankring fra alle næringslaga i utforminga av rådet. Sørge for at alle næringslaga påvirker og deltar i utforminga av rådet og se på muligheten for å henta erfaringer fra tilsvarende arbeid i andre regioner.

- **Bygginga av Hardanger Næringsråd er den aktiviteten som, i løpet av prosjektet, har fått mest ressursar både i tid og pengar. Det er gjennom begge Næringslivsdagane gjeve relevant informasjon, det er utarbeidd ein rapport (Asplan Viak) til bruk i det vidare arbeidet, og temaet vart gjeve god plass på Hardangerkonferansen 2009. Vidare er det nokre av dei største verksemdene vitja (Fjellstrand, Elkem, POP-Holding, Ullensvang Hotel, Boliden og Erameth Group (dei to siste av tidl. Prosjektleiar Olaf Hernes).**

#### **HA-5: Rekruttering**

Identifisere av kva type arbeidskraft verksemdene treng. Få verksemdene til å tenkja langsiktig angående rekruttering samt synleggjera behov for arbeidskraft ved å bruke NAV. Det må kartlegges om bedriftene er forberedt til å rekruttere utenlandsk arbeidskraft bl.a. ved samarbeide med andre "Flytt til Hardanger" prosjekt.

Lage kultur for å bruke trainee-ordningar i Hardanger. Synleggjera mulighetene for verksemdene ved å aktivt å bruka [www.flytttilhardanger.no](http://www.flytttilhardanger.no) som et verktøy. Prosjektet skal kunne bistå kommunene med råd for å etablere mottakssenter for utenlandsk arbeidskraft.

- **Det er utarbeidd ein rapport (Asplan) som kartlegg og syner trong for arbeidskraft i Hardanger. NAV har vi nytta på den måten at vi kontinuerleg har minna arbeidsgjevarar om at alle ledige stillingar må leggjast inn i databasen på NAV. Vidare har vi vore med og arrangert (henta inn verksemdar) til treffet i Bergen 10. november.**

#### **HA-6: Lærlinger**

Etablere samarbeid med begge opplæringskontorene i Hardanger for å finne ordningar som gjør Hardanger spennende for lærlinger. Ha dialog med skolerådgivere for å synleggjøre mulighetene for ungdom til å ta yrkesutdanning i Hardanger.

- **Ikkje gjennomført. Dette vert det arbeidd med på opplæringskontora i Hardanger.**

#### **HA-7: Merkevarer Hardanger**

Oppmuntre bedriftene til å bruke merkevarer Hardanger.

- **Vi har hatt med oss profilvarer på alle samlingar i prosjektet og tala varmt for bruken. Merkevarer Hardanger vert truleg fylgt opp eit nytt prosjekt.**

#### **HA-8: Media**

Bruke media for å fortelle om fremgang i prosjektet og fortelle de gode historiene. **Ved dei store arrangementa har vi utarbeidd pressemeldingar samt kontakta avisene/Folgefonn Radio. Vi har stort sett fått bra dekning frå Hordaland, Hardanger Folkeblad og Folgefonn Radio. Frå Hardangerkonferansen var det også bra dekning i Hordaland Folkeblad. Delprosjektet har ikkje gjort framstøyt mot regional/nasjonale media.**

#### **HA-9: Avslutning av prosjektet.**

Etablert Hardanger Næringsråd som permanent arena  
**- P.T er det under arbeid ein rapport for etablering av Hardanger Næringsråd.(sjå også ovanfor)**

#### **Omfang og avgrensinger**

Prosjektet har fokus på næringslivet i Hardanger. Næringslivet i Hardanger erfarer at det blir vanskelegare å rekruttere kompetent arbeidskraft. Prosjektet skal bidra til å skaffe næringslivet i Hardanger arbeidskraft. Prosjektet ser også behov for å etablere en fellesarena for næringslivet i Hardanger. Lokale utviklingstiltak eller rekrutteringsarbeid som gjelder næringslivet i den enkelte kommune, er ikkje med i "Flytt til Hardanger" prosjektet, men skal administrerast og drives av kommunane / bedriftene.. Det oppfordres midlertidig til dialog og samarbeid mellom de forskjellige aktørene.

### **6.9 Framdrifts- og handlingsplan for Grunnskulegruppa**

#### **Tidsramme for grunnskulegruppa:**

**Oppstart:** November 2008

**Slutt:** September 2009

#### **Overordna mål:**

1. Etablere eit samarbeid mellom grunnskule og næringsliv – innføra praksisnær undervisning.
2. Laga eit undervisningsopplegg for eit trinn i grunnskulen som omhandlar gode naturopplevingar og moglegheiter for entreprenørskap i Hardanger.

#### **Organisering t.o.m 1. September**

Hovudprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Adeline B. Landro

Medlemar: Ein gruppe av kommunar

#### **Organisering etter 1. September**

Hovudprosjektleder: Ein frå Hardanger/Voss kompetanseregion

Medlemmar: Skuleleiinga og rådgjevarar

**- Vedtak om fortsatt drift vert fatta i januar 2010. Usikkert om grunnskulane er interessert i å vidareføra dette, det er i så fall dei 4 minste kommunane.**

## **Møter, status og oppfølging**

Delprosjektleder har hatt 2 stk møter med Kompetanseregionen + 1 workshop.

Følgjande formål (hovudaktivitet) er identifisert i Strategi- og handlingsplanen:

### **Hovudaktivitetar i grunnskulegruppa (Formål):**

#### **HA-1: Samla informasjon**

Samla informasjon om grunnskulesystemet, praksisnær undervisning og Gode Sirklar as, så ein kan starta å implementera praksisnær undervisning.

**- Gjennomført.**

#### **HA-2: Sikra politisk forankring for praksisnær undervisning**

Sikra at praksisnær undervisning får politisk forankring ved å informera politkarane om grunnskulegruppa og praksisnær undervisning.

**- Delprosjektleder har orientert i Hardangerrådet, men det var eit ynskje frå Styringsgruppa at forankringa skulle skje hjå skuleleiarane.**

#### **HA-3: Etablera grunnskulegruppa**

Grunnskulegruppa må etablerast gjennom Hardanger/Voss kompetanseregion. Gruppa skal vera eit utspring frå dette fora med medlemmar frå dei kommunane som ynskje å innføra praksisnær undervisning.

**- Vedtak vert fatta i januar 2010, men usikkert på om det vert gjennomført.**

#### **HA-4: Implementera praksisnær undervisning**

Implementering av praksisnær undervisning skal skiljast ut i eit eige prosjekt og styrast av dei kommunane som ynskjer at skulene deira skal vera med i prosjektet. Delprosjektleder skal be om eit tilbod frå SINTEF, for å vurdere om det kan vera aktuelt å bruka dei som konsulentar.

**- SINTEF har halde orienteringar for grunnskulegruppa og det er halde workshop med tema "praksisnær undervisning".**

#### **HA-5: Ein gruppe av kommunar skal ha implementert praksisnær undervisning frå og med skuleåret 2010**

Det er eit mål at ei gruppe av kommunar skal ha implementert praksisnær undervisning frå og med skuleåret 2010.

**- Usikkert, sjå tidlegare pkt.**

#### **HA-6: Laga eit undervisningsopplegg som omhandlar gode naturopplevingar og entreprenørskap i Hardanger**

Lysa ut eit undervisningsopplegg som skal retta seg mot eitt trinn i grunnskolen. Undervisningsopplegget skal ta utgangspunkt i fagplanane, og gje borna ein innføring i noverande bruk av natur og moglegheiter for entreprenørskap.

**- Det er lyst ut og det var 3 søknader. Tildelinga er gjort og prosjektet vil vera ferdig utforma i april 2010.**

### **HA-7: Laga ein prosjektplan for Grunnskulegruppa**

Laga ein prosjektplan for Grunnskulegruppa med rammer for korleis gruppa skal jobba for å implementera praksisnær undervisning.

**- Gjennomført. Prosjektplanen er overlevert Hardanger og Voss kompetanseregion.**

#### **Omfang og avgrensingar**

Prosjektet skal skiljast ut av Flytt til Hardanger som eige prosjekt. Prosjektet skal leiast av dei kommunane som ynskjer å vera med på å implementera praksisnær undervisning. Dette er for å sikra forankring og vidareføring. Gruppa skal ha eige budsjett som skal brukast til å implementera praksisnær undervisning. Gruppa skal og nytta seg av dei system i einskildkommunane som jobbar med samarbeid skule og næringsliv.

Gruppa kan nytta seg av Senter for yrkesrettlegging i tillegg til dei system som einskildkommunane har for samarbeid mellom skule og næringsliv.

#### **Kontraktar og vedtak**

Det må fattast vedtak i einskildkommunane om å implementera praksisnær undervisning.

**- Dette vart tatt opp i både Styringsgruppe og Hardangerrådet, men det var ikkje tilslutning til det.**

## **6.10 Framdrifts- og handlingsplan for Fylkesgruppa**

#### **Tidsramme for Fylkesgruppa:**

**Oppstart:** November 2008

**Slutt:** September 2009

#### **Overordna mål:**

1. Etablere eit samarbeid mellom vidaregåande skule og næringsliv – innføra praksisnær undervisning, og ei plattform for vidareføring.

#### **Organisering t.o.m 1. September**

Hovudprosjektleder: Anette T. Hjeltnes

Delprosjektleder: Adeline B. Landro

Medlemar: Rektorer; Gunnbjørg Øyre, Vidar Ask, Hilde Gjester Hoel, Svein Ove Duesund (ass. rektor), næringsliv: Tørres Meland, Bioforsk: Mekjell Meland (kun kontakt på telefon)

HFK: Marianne Haaland.

#### **Organisering etter 1. September**

Hovudprosjektleder: Gunnbjørg Øyre

Delprosjektleder: Adeline B. Landro

Medlemar: Rektorer; Gunnbjørg Øyre, Vidar Ask, Hilde Gjester Hoel, Svein Ove Duesund (ass. rektor), næringsliv: Tørres Meland, Bioforsk: Mekjell Meland (kun kontakt på telefon)

HFK: Marianne Haaland.

### **Møter, status og oppfølging**

Det er halde 2 stk møter i Fylkesgruppa i perioden mai – september 2009.

Fylgjande formål (hovudaktivitet) er identifisert i Strategi- og handlingsplanen:

#### **Hovudaktivitetar i Fylkesgruppa (Formål):**

##### **HA-1: Samla informasjon**

Samla informasjon om skulesystemet, praksisnær undervisning og Gode sirklar as, så ein kan starta å implementera praksisnær undervisning.

**- Gjennomført**

##### **HA-2: Oppretta Fylkesgruppa**

Møte med rektorane ved dei vidaregåande skulane for å informera om praksisnær undervisning og engasjera dei i Fylkesgruppa. Fylkesgruppa skal bestå av rektorane ved dei vidaregåande skulane, to frå næringslivet, ein frå fylkeskommunen, og ein frå Bioforsk.

**- Gjennomført**

##### **HA-3: Innføra praksisnær undervisning i dei vidaregåande skulane**

Fylkesgruppa skal utarbeida ein strategi for korleis me skal gjennomføra praksisnær undervisning i dei vidaregåande skulane i Hardanger. Gruppa skal og få i stand ein workshop for personar som skal jobba med praksisnær undervisning.

**- Gjennomført**

##### **HA-4: Skapa eit system for vidareføring**

Gjennom Fylkesgruppa må det etablerast eit system som kan vidareføra arbeidet med praksisnær undervisning, samarbeid skule og næringsliv. Gunnbjørg Øyre ved Hjeltnes Gartnarskule skal vere prosjektansvarleg for gruppa.

**- Gjennomført**

### **Omfang og avgrensingar**

Prosjektet skal ha regional fokus, me ynskjer at dei fire fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hardanger, og Framnes Kristne vidaregåande skule skal nytta seg av praksisnær undervisning. Skulane vil ha ansvaret for det pedagogiske opplegget, men dei aktuelle verksemdene skal vera med å samarbeide om kva som kan gjerast innanfor undervisning i deira verksemd. Når Fylkesgruppa vert avslutta i Flytt til Hardanger i september 2009 skal gruppa fortsette å jobba med praksisnær undervisning, og andre felles regionale fokusområdar.

## **7. KOSTNADER OG FINANSIERING**

Foreløpige rapportar frå rekneskapsbyrå pr. 01.10.2009 viser at prosjektet totalt har brukt 7 216 650 Nok av disponible midlar pålydande Nok 8 625 000. Fullstendig rekneskap vil gå t.o.m. 01.02.2010, og bør vera ferdig utarbeidd innan 1. mai 2010. Ved å anslå dei komande utgifter framover vil prosjektet gå i null, pluss minus 50 000 Nok.

